



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Planavdelinga	Christian H. Reinshol
	Arkivnr.: 14/1846	Klassering:

Høyringsuttale - Søknad om auka maksimalt tillaten biomasse i anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet Langøy

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune ber om at Hordaland fylkeskommune gjer ei totalvurdering av utslepp frå akvakultur til Fensfjorden i samband med søknad om utviding av maksimal tillaten biomasse på lokaliteten Langøy. Vidare meiner kommunen at dagens avsette areal til produksjon ikkje er stort nok til å kunne gje løyve til ei auke av maksimal biomasse med 50 %. Kommunen anbefaler difor at utviding av maksimalt tillaten biomasse ved anlegget vert gjort i samanheng med endring av areal i kommuneplan eller regulering av arealet gjennom reguleringsplan.

Det er gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealføremål til dagens plassering akvakulturanlegget.

Det vert elles vist til utgreiingane i saksframlegget.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune har oversendt søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS om løyve til auka maksimalt tillaten biomasse (MTB) i eksisterande anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune. Søknaden gjeld utviding av maksimalt tillaten biomasse frå 3120 tonn til 4680 tonn i eksisterande anlegg.

Dagens godkjente anlegg består av fem frittliggande 160 m ringar på ei rekkje, som ligg rundt 130 – 650 meter frå land om lag i lengderetning nordaust – sørvest. Kvar ring ligg i ei fortøyingsramme på

100 x 100 meter på ei rekkje. Det ligg og ein fôrflåte på søraustsida av anlegget rundt 150 meter frå land. Noverande anleggsplasseringa vart godkjent etter akvakulturregelverket 19.03.2015.

Verksemda si erfaring er at lokalitet Langøy er svært godt eigna for matproduksjon og dei har oppnådd svært gode biologiske resultat på lokaliteten. Ekstremt god tilvekst, god fiskehelse og god fôrutnytting.

Miljøtilstand under og i nærsonea til anlegget, har vore målt gjennom MOM-undersøkingar (NS 9410). I alt er det gjennomført 3 MOM B-undersøkingar ved lokaliteten i perioden 2011-2016, og rapportar frå desse undersøkingane syner tilstand 1 og 2. Trendanalysane som er gjennomført i driftsfasa tyder på god miljøtilstand i området, og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne. MOM C-gransking i resipienten, syner at lokaliteten er godt eigna til oppdrettsverksemd, med gunstig habitat for gravande botndyr og gode tilhøve for vassutskifting i merdane.

Det står fleire stader i søknaden at anleggsplasseringa ligg i akvakulturområde i kommuneplanen for Lindås frå 2011. Den nordaustlegaste delen av merdanlegget ligg utafor areal avsett til akvakultur i arealplanen. Lindås kommune har imidlertid den 04.03.2015 gjort vedtak om dispensasjon for anlegget slik det ligg no. Det er ikkje knytt nokre spesielle vilkår knytt til dispensasjonsvedtaket.

Vurdering

Lindås kommune gjorde 04.03.2015 vedtak om å gje dispensasjon til utviding av areal for akvakulturanlegget ved Langøy, for å kunne etablere 5 plastringar. Dette anlegget er etter det administrasjonen kan sjå etablert i samsvar med dispensasjonsløyvet som vart gjeve. Utvidinga er soleis i samsvar med gjeldande arealdisponering i Lindås kommune.

Når det gjeld utvidinga av biomasse, så var det ikkje noko særskilt vilkår i saka knytt til utviding av biomasse ved anlegget. Utviding av biomasse må sjåast i samanheng med dei lokale føresetnadane lokaliteten har når det gjeld å ta unna utslepp og avfall frå anlegget, og elles total påverknad for fjordsystemet. Etter det administrasjonen kan sjå, har lokaliteten gode tilhøve for gjennomstrøyming, noko som sprer avfall frå anlegget over eit større areal. I tillegg er det gode djupnetilhøve under lokaliteten. Rapportane som er utarbeidd viser at tilhøva rundt anlegget er gode ved full produksjon på anlegget. C-rapporten frå Rådgivende biologer peiker på at anlegget har ei gunstig lokalisering for fiskeoppdrett og at fjordsystemet er ein god resipient med stor utskifting og lite tersklar. Det er ikkje gjort noko vurdering av totalte utslepp i fjordsystemet. Administrasjonen kan ikkje på bakgrunn av rapportane som er utarbeidd sjå at det er store utfordringar knytt til utviding av produksjonen på lokaliteten. Administrasjonen vil likevel peike på at det må vere Hordaland fylkeskommune si oppgåve i samråd med Fylkesmannen som gir utsleppsløyve å vurdere dei samla verknadane på fjordsystemet ved ei utviding av akvakulturanlegget.

Administrasjonen vil vidare peike på at ein ved lokalitet Ospeneset ikkje klarer å halde maksimal produksjon på 3120 tonn biomasse med dei tillatne 3 bura som det er opna opp for på lokaliteten. Ein må difor stille spørsmålsteikn ved om ein har tilstrekkeleg areal til å produsere den omsøkte biomassen på lokaliteten per i dag. I så tilfelle kan ikkje administrasjonen sjå at det er naudsynt med ei auke i maksimalt tillaten biomasse på lokaliteten. Om ei auke krev eit større areal, meiner administrasjonen at auka må takast i samband med ei endring av kommuneplanen eller som følge av

ein annan anleggskonfigurasjon som kan handtere denne biomassen. På bakgrunn av at ein tidlegare har søkt om endring frå stålanlegg til plast for mellom anna betring av fiskehelse og sikkerhetsbehov, kan ikkje administrasjonen sjå at det er tilrådeleg å produsere den omsøkte mengda i tradisjonelle stålanlegg. I så fall kan det etter administrasjonens vurdering sjå ut til at det er behov for eit større areal. Administrasjonen vil i så fall tilrå at ei auke i biomasse vert samkøyrte med ei eventuell auke av arealet gjennom kommuneplanen, alternativt gjennom reguleringsplan. Slik tilhøve ligg til rette no, kan ikkje administrasjonen ut frå vårt kunnskapsgrunnlag sjå at det ligg til rette å kunne gje løyve til den omsøkte auka i maksimal biomasse ved anlegget.

Høyringsinnspel til søknaden:

Det har kome inn ein merknad til søknaden om utviding av biomasse i høyringsperioden, frå Naturvernforbundet i Nordhordland. Dei viser til at det er fleire planar om utviding av biomasse i Fensfjorden for tida, og peiker på utfordringar knytt til lakselus, rømmings- og smittefare og samla belastning av miljøgifter og organisk materiale i Fensfjorden. Det er store samla utslepp til fjordsystemet frå anna ureinande næring i tillegg til akvakulturnæringa, og det har vist seg at det er utfordringar knytt til at området er utsett for ekstremvær med påfølgjande rømmingar. På bakgrunn av den totale miljøbelastninga frå avfallavksemder og fiskeoppdrett meiner Naturvernforbundet at grensa for fiskeoppdrett i Fensfjorden og Masfjorden er nådd.

Administrasjonen meiner at fylkeskommunen i samråd med fylkesmannen som utsleppsmynde må gjere ei totalvurdering av samla påverknad på fjordsystemet frå ulike næringar og er einig i at ei totalvurdering bør ligge til grunn for utsleppsløyve på lokaliteten. Administrasjonen meiner likevel at dei utarbeidde rapportane syner at lokaliteten truleg har gode tilhøve for fiskeoppdrett isolert sett.

.....

Vedlagte saksdokument:

Følgjeskriv til Lindås kommune	123689	12.11.2016
Søknadsbrev utviding Langøy	123694	12.11.2016
50000 sjøkart	124171	12.11.2016
26295 anleggskonfigurasjon Langøy	124170	12.11.2016
2281, C – og strandsonegranskning ved lokaliteten Langøy i Lindås kommune, sommaren 2016	124168	12.11.2016
4.1.6 Beredskapsplan for Forurensning - Utslipp	124166	12.11.2016
4.1.4 Beredskapsplan sykdom og massedød	124165	12.11.2016
4.1.3 Beredskapsplan for rømming	124164	12.11.2016
1.3.1 Overordnete målsettinger for HMS og IK-Akva	124163	12.11.2016
Langøy, figurar V13 og V15	123692	12.11.2016
Om utsett av fisk på Langøy, figurar V13 og V15	123693	12.11.2016
Langøy og Rekeviki	134166	13.11.2016

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost